



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 5

(2003–2004)

FOR BUDSJETTERMINEN 2004

Om konsesjonsvederlag frå TV2

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 7. november 2003
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Kap. 334 Film- og medieformål

TV2 skal kvart år betale eit inntektsuavhengig vederlag, jf. omtalen under pkt. 2.2 nedanfor. Det inntektsuavhengige vederlaget skal nyttast til audiovisuelle produksjonar. Departementet foreslår derfor at det blir løyvt eit beløp tilsvarande det inntektsuavhengige vederlaget under kap. 334, ny post 51 Audiovisuelle produksjonar med kr 26 175 000. Beløpet vil bli disponert av Norsk filmfond.

2 Kap. 3334 Film- og medieformål

2.1 Konsesjonsvederlag frå TV2

I konsesjonsvilkåra for TV2 for perioden 1. januar 2002 – 31. desember 2009, fastsett av Kultur- og kyrkjedepartementet 15. oktober 2001, er det fastsett at TV2, i tillegg til eit eingongsvederlag, òg skal betale eit årleg:

- inntektsuavhengig vederlag til Norsk filmfond, utrekna etter reglar gitt i § 2–2 i konsesjonsvilkåra, og
- inntektsavhengig vederlag til statskassa, utrekna etter reglar gitt i § 2–3 i konsesjonsvilkåra.

2.2 Inntektsuavhengig vederlag

Det inntektsuavhengige vederlaget er fastsett til 25 mill. kroner og skal betalast kvart år pr. 1. juli. Vederlaget skal justerast for endringa i konsumprisindeksen. Vederlaget kan etter dette setjast til om lag kr 26 175 000. Endeleg fastsetjing av vederlaget kan først finne stad når konsumprisindeksen pr. juni 2004 er klar.

Kultur- og kyrkjedepartementet foreslår at vederlaget blir inntektsført under kap. 3334 Film- og medieformål, ny post 71 Inntektsuavhengig vederlag frå TV2.

2.3 Inntektsavhengig vederlag

Det inntektsavhengige vederlaget skal reknast slik det framgår av § 2–3 i konsesjonsvilkåra. Vederlaget skal justerast for endringa i konsumprisindeksen. I tillegg skal det årlege inntektsuavhengige vederlaget, jf. pkt. 2.2 ovanfor, komme til frådrag i det inntektsavhengige vederlaget. Vederlaget kan etter dette setjast til om lag kr 2 000 000.

Endeleg fastsetjing av vederlaget kan først skje når reklamerekneskapen for TV2 AS for 2003 og konsumprisindeksen pr. juni 2004 er klar.

Kultur- og kyrkjedepartementet foreslår at vederlaget blir inntektsført under kap. 3334 Film- og medieformål, ny post 72 Inntektsavhengig vederlag frå TV2.

Kultur- og kyrkjedepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om konsesjonsvederlag frå TV2.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om konsesjonsvederlag frå TV2 og endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet 2004 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om konsesjonsvederlag frå TV2 og endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet 2004

I

I statsbudsjettet for 2004 blir det løyvd under følgjande kapittel:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
334		Film- og medieformål	
	51 (ny)	Audiovisuelle produksjonar	26 175 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3334		Film- og medieformål	
	71 (ny)	Inntektsuavhengig vederlag frå TV2	26 175 000
	72 (ny)	Inntektsavhengig vederlag frå TV2	2 000 000